




Befolkningsutvikling i Kinn kommune 2025-2050



Figur 1. Framskriving av folkemengd i Kinn i 3 alternativ (SSB og KOMPAS)

Mai 2025

1.	Føresetnader	4
1.1	Inndeling i grunnkretsar i Kinn	4
1.2	Fruktbarheit.....	4
1.3	Dødelegheit	4
1.4	Befolkningsutvikling	5
1.5	Flytting	7
1.6	Sonevise korrigeringar.....	8
2.	Prognose for Kinn	8
2.1	Prognose dei 10 fyrste åra	9
2.1.1	Prognose fordelt på ulike aldersgrupper i middelalternativet (ssb og Kompas)	9
	Framskriving av folketalet i Florø ved middel-alternativet.....	10
	Framskriving av folketalet i Måløy ved middelalternativet.....	11
2.1.2	Prognose fordelt på skulekretsar, (her kan det verte mindre endringar etter at detaljerte flyttedata for 2024 er lagt inn i modellen)	11
	Brandsøy skule	12
	Eikefjord barne- og ungdomsskule	12
	Florø barneskule.....	13
	Krokane skule.....	13
	Raudeberg skule	14
	Skavøypoll skule	14
	Skram skule	15
	Torvmyrane skule.....	15
	Florø ungdomsskule.....	16
	Vågsøy ungdomsskule.....	16
2.2	Fødselsoverskot.....	17
2.3	Ekstern nettoflytting (2024 blir lagt til for Måløy og Florø når data er tilgjengeleg)	19
2.4	Historisk utvikling i sysselsetting og folketalsendringar	19

2.5	Innvandring, utvandring og flytting innanlands	20
2.6	Endring i befolkningsstrukturen.....	22
3.	Busetting	26
3.1	Busettingsmønster.....	28
4.	Oppsummering	28
5.	Vedlegg	29
	Vedlegg 1. Kompas-modellen	29
	Vedlegg 2 Overordna føresetnader	31
	Vedlegg 3. Grunnkretsinnndeling og plansone.....	32
	Vedlegg 4. Fruktharheit	37
	Vedlegg 5. Forventa levealder	38
	Vedlegg 6. Nettoflyttingstal	39
	Vedlegg 7 Prognose 2025	41
	Vedlegg 8 Samanlikning av prognosar dei siste åra	42

1. Føresetnader

Det er utarbeidd prognosar for utvikling av folkemengda i Kinn i tre utviklingsbaner; ein med høg vekst, ein med middels vekst og ein med låg vekst. Dei ulike utviklingsbanene kombinerer ulike sett av føresetnader for fruktbarheit, dødelegheit og ekstern nettoflytting. Det er lagt til grunn føresetnader som Statistisk sentralbyrå (ssb) nyttar i sine prognosemodellar for fruktbarheit og dødelegheit. Det er nytta Kompas for å framskrive folkemengda og det er nytta trendflyttingsmodellen der framtidig flytting er basert på historiske flyttemønster.

1.1 Inndeling i grunnkretsar i Kinn

Det statistiske datagrunnlaget i KOMPAS er basert på grunnkretsar. Framskrivningane er aggregat av grunnkretsar, og som gir grunnlag for valfrie inndelingar av kommunen. I dette dokumentet er grunnkretsane summert på Kinn nivå og på Florø og Måløy nivå. «Uoppgitt grunnkrets» omfattar personar som av ulike grunnar ikkje kan innplasserast på ein gitt grunnkrets. Per 01.01.2025 var det 32 personar som vart plassert i «uoppgitt grunnkrets». Denne grunnkretsen er fordelt mellom Florø (67 prosent) og Måløy (33 prosent) basert på fordelinga av folketalet før samanslåinga av de tidlegare kommunane. Grunnkretsane som vart fråskilt til Stad kommune er ikkje med i statistikken. Oversikt over grunnkretsar er gitt i vedlegg 3.


1.2 Fruktbarheit

For fruktbarheit legg vi til grunn høg fruktbarheit i «høg vekst»-alternativet, middels fruktbarheit i «middels vekst»-alternativet og låg fruktbarheit i «låg vekst»-alternativet. Dette er identisk med ssb sine føresetnader for tilsvarende alternativ. Sjå tabellar frå ssb i vedlegg 4.

1.3 Dødelegheit


For alle tre utviklingsbanene legg vi til grunn same dødelegheitsutvikling som ssb legg til grunn i middelalternativet for Kinn. Sjå tabell i vedlegg 5.

1.4 Befolkningsutvikling




Figur 2. Kjelde ssb

Dei tre siste åra har Kinn hatt ein folkevekst knytt til ei netto tilflytting med ei høg innvandring.




Figur 3. Kjelde ssb

Fødselsoverskotet i Kinn har vore lågt og var i 2024 negativt med 45 fleire døde enn fødde.




Figur 4. Kjelde ssb

Kinn har ei høg innanlandsk inn- og utflytting. Utflyttinga er vesentleg større enn innflyttinga og bidreg til å redusere folkeveksten.



Figur 5. Kjelde ssb og KURS KF

Dei to siste åra har vi busett mange flyktningar og det er og høg innvandring i tillegg til dette. Det er grunnen til at vi har hatt ein folkevekst dei tre siste åra.



Figur 6. Kjelde ssb og Kompas

Nettoflyttinga har vert negativ frå 2017 til 2021. Dei tre siste åra har vi hatt ei positiv nettoflytting (innvandring – utvandring + innflytting innanlands – utflytting innanlands) og i 2024 var den 112 personar.

1.5 Flytting


Ssb har i samband med publisering av oppdaterte framskrivingar i juli 2024 lagt ut nettoflyttingstal for Kinn kommune i statistikkbanken.

I "høg vekst"-alternativet legg vi til grunn nettoflytting for Kinn kommune frå alternativ HHMH (høg innvandring). I "middels vekst"-alternativet brukar vi nettoflytting frå alternativ MMMM (middels innvandring) og i "låg vekst"-alternativet brukar vi nettoflytting frå alternativ LLML (låg innvandring). Sjå tabell i vedlegg 6.

1.6 Sonevise korrigeringar

Basert på grunnkretsstatistikk for fødde og døde for perioden 2020-2025 korrigjerast den framtidige fruktbarheitsutviklinga i Måløy og Florø. Måløy har i denne perioden hatt ein noko høgare fruktbarheit enn Florø (korreksjonsfaktor for fødde er 1,05 for Måløy og 0,98 for Florø). Måløy har tilsvarande ein noko lågare dødelegheit enn Florø (korreksjonsfaktor for døde er på 0,95 for personar 85 år og over i Måløy og 1,03 i Florø).

2. Prognose for Kinn



Figur 7. Framskriving av folkemengd i Kinn i 3 alternativ (SSB og KOMPAS)

Alternativet med høg vekst gir ein folkevekst på 1117 personar fram til 18536 i 2050. Alternativet med middels vekst gir ein folketalsnedgang med -579 personar fram til 16840 i 2050. Alternativet med låg vekst gir ein folketalsnedgang på -2284 personar fram til 15135 personar i 2050. Vekstratene i dei tre ulike alternativa er 0,2 %, -0,1 % og -0,4 %. Samanlikna med middelalternativet til ssb er prognosemiddelalternativet til Kinn for 2050 351 personar høgare.

Befolkningsutviklinga i Måløy og Florø vil gå i same retning i alle tre alternativa fram mot 2050:

Florø hadde 31.12.2024 ei folkemengd på 11965 personar, medan Måløy hadde ei folkemengd på 5454 personar.

Ved «høg vekst»-alternativet vil Florø få ein vekst på om lag 906 personar (0,3 prosent vekst) og Måløy om lag 267 personar (0,2 prosent vekst).


Ved "middels vekst" vil Florø få ein nedgang i folkemengda på om lag -326 personar (-0,1 prosent vekst) medan Måløy vil få ein nedgang på om lag -279 personar (-0,2 prosent vekst).

«Låg-vekst»-alternativet vil gi ein nedgang i folkemengda på oppunder -1554 personar i Florø (-0,5 prosent vekst) og omlag -825 personar i Måløy (-0,6 prosent vekst).

2.1 Prognose dei 10 fyrste åra

2.1.1 Prognose fordelt på ulike aldersgrupper i middelalternativet (ssb og Kompas)

Middel 01.01	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0-1 år	322	316	312	312	312	312	314	316	317	318	320
2-5 år	645	667	670	656	673	666	662	663	664	666	668
6-15 år	2142	2088	2029	1973	1928	1926	1920	1895	1876	1852	1852
16-18 år	744	750	763	747	731	681	627	626	637	649	626
19-20 år	466	458	450	493	488	466	488	461	412	399	413
21-22 år	414	422	428	420	413	447	443	427	443	421	383
23-29 år	1373	1337	1311	1302	1285	1270	1265	1274	1270	1272	1280
30-34 år	1009	995	1002	994	1003	968	944	938	931	917	912
35-49 år	3243	3265	3232	3239	3225	3247	3236	3225	3202	3181	3147
50-66 år	3931	3895	3876	3834	3810	3772	3755	3716	3700	3702	3699
67-79 år	2276	2353	2406	2423	2445	2486	2515	2563	2560	2557	2558
80-89 år	675	704	749	807	852	887	930	968	1022	1056	1101
90 år og eldre	179	172	163	157	160	163	165	167	177	195	207
Totalt	17419	17423	17390	17356	17324	17293	17264	17237	17210	17186	17165



Figur 8. Prognose 2025, middelalternativet. Kjelde Kompas.

Framskriving av folketallet i Florø ved middel-alternativet

Middel 01.01	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0-1 år	237	228	216	216	216	216	218	219	220	220	222
2-5 år	460	468	473	461	471	465	457	457	458	460	461
6-15 år	1449	1418	1383	1351	1316	1323	1325	1309	1297	1279	1280
16-18 år	507	516	527	511	502	462	427	422	433	445	429

19-20 år	309	314	310	342	343	326	336	321	286	274	286
21-22 år	286	287	292	293	290	316	314	302	310	298	269
23-29 år	980	957	929	920	906	896	893	901	900	902	907
30-34 år	704	687	704	693	701	681	667	661	657	646	642
35-49 år	2256	2275	2257	2262	2257	2261	2247	2245	2230	2215	2196
50-66 år	2716	2689	2676	2657	2649	2629	2619	2589	2569	2562	2556
67-79 år	1531	1589	1621	1635	1641	1670	1698	1736	1748	1755	1758
80-89 år	424	450	481	516	549	581	611	633	670	699	728
90 år og eldre	107	102	98	95	97	98	100	103	108	120	129
Totalt	11965	11979	11965	11952	11938	11924	11911	11898	11885	11874	11863


Framskriving av folketallet i Måløy ved middelalternativet

Middel 01.01	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0-1 år	85	87	96	96	96	96	97	97	97	97	98
2-5 år	185	199	197	195	201	201	205	205	206	206	207
6-15 år	693	671	646	622	612	604	595	586	579	573	572
16-18 år	237	235	236	237	229	219	199	204	204	204	197
19-20 år	157	144	139	151	145	140	152	139	126	125	127
21-22 år	128	136	136	127	123	132	128	125	133	123	114
23-29 år	393	381	383	382	379	375	372	373	370	370	373
30-34 år	305	308	298	301	302	286	278	277	274	271	270
35-49 år	987	990	975	977	968	986	989	980	972	967	951
50-66 år	1215	1206	1200	1178	1161	1143	1136	1127	1130	1140	1144
67-79 år	745	765	785	788	804	816	817	827	812	803	800
80-89 år	251	254	268	291	302	306	320	335	352	358	372
90 år og eldre	72	70	65	62	63	65	66	64	69	75	77
Totalt	5454	5444	5424	5405	5386	5369	5353	5338	5325	5313	5302

2.1.2 Prognose fordelt på skulekretsar


Prognosane viser utvikling av barnetal etter middelalternativet.

Brandsøy skule




Figur 9. Kjelde: Kompas

Eikefjord barne- og ungdomsskule



Figur 10. Kjelde Kompas.


Florø barneskole



Figur 11. Kjelde Kompas.


Krokane skule

Prognose 2025, endring grunna endring i kretsgrenser i ssb




Figur 12. Kjelde Kompas.

Raudeberg skule




Figur 12. Kjelde Kompas

Skavøypoll skule




Figur 13. Kjelde Kompas

Skram skole




Figur 14. Kjelde Kompas

Torvmyrane skule



Figur 15. Kjelde Kompas.

Florø ungdomsskule



Figur 16. Kjelde Kompas

Vågsøy ungdomsskule




Figur 17. Kjelde Kompas.

2.2 Fødselsoverskot


Talet på fødte har minka dei siste 10 åra. I 2010 var talet på fødte 213 medan det vart nede på om lag 148 i 2024. Det positive fødselsoverskotet på kring 30 i starten på siste 10-året er snudd til eit negativt fødselsoverskot dei siste åra.

I 2010 var talet på fødde i Florø på 149 medan det i 2024 var nede på 111. I Måløy var talet på fødde 64 i 2010 og 37 i 2024. Fødselsoverskotet (fødde-døde) var positivt med 65 personar i 2010 og -45 i 2024.

I middelalternativet er fødselsoverskotet lagt svakt negativt i starten av prognoseperioden og meir negativt i siste delen av prognoseperioden.




Figur 18. Kjelde Kompas




Figur 19. Kjelde: Kompas

I middelalternativet er det lagt til grunn fødselstal om lag som gjennomsnittet av 2023 og 2024, med ein liten vekst fram mot 2035 og ein svak nedgang i siste del av prognoseperioden.

Talet på døde er lagt på om lag 2023 nivå og med ein svak auke utover i prognoseperioden.




Figur 20. Kjelde: Kompas



Figur 21. Kjelde: Kompas

Fødselsoverskotet har over tid blitt mindre og mindre. Måløy har hatt eit mindre fødselsoverskot enn Florø. Middelalternativet legg til grunn ei vidare svak negativ utvikling.


2.3 Ekstern nettoflytting



Den eksterne nettoflyttinga var sterkt negativ rett før auken i innvandring frå m.a. Ukraina som har snudd dette til positiv nettoflytting. Ssb sine prognosar for vidare nettoflyttingstal er lagt til grunn i framskrivingane.

Figur 22. Kjelde: Kompas


2.4 Historisk utvikling i sysselsetting og folketalsendringar




Figuren viser ei høg. Det er ei årleg netto utpendling på mellom 200 og 300 personar. I perioden frå 2020-2024 er det 173 fleire sysselsette som har bustad i Kinn og det er 207 fleire som har arbeidsplass i Kinn. Netto innvandring er i same periode 1131 personar. Vi har ei netto fråflytting til andre kommunar på -841 personar. Samla folketalsendring gir oss ein vekst på 212 personar.

Figur 23. Kjelde ssb

2.5 Innvandring, utvandring og flytting innanlands



Figur 24. Kjelde ssb (tabell 13256)
Kinn har hatt ei høg netto innvandring dei siste åra. Den samla netto innvandringa er dei tre siste åra 842 personar der om lag ein tredjedel er i aldersgruppa 0-17 år.




Figur 25. Kjelde ssb (tabell 132555)
I Kinn har det vore ei netto utflytting til andre kommunar og i 2024 var den på -205 personar.



Figur 26. Kjelde ssb (tabell 13864)


Figuren over viser dei kommunane der 10 eller fleire flytta til Kinn frå 2020 til 2024. Flest kjem flyttande til Kinn frå Bergen, Sunnfjord, Oslo, Stad, Bremanger, Ålesund og Trondheim.



Figur 27. Kjelde ssb (tabell 13864)

Figuren over viser dei kommunane der 10 eller fleire flytta til andre kommunar frå 2020 til 2024. Flest flyttar til Bergen, Sunnfjord, Oslo, Stad, Ålesund, Stavanger og Trondheim.

2.6 Endring i befolkningsstrukturen




Figur 28. Kjelde Kompas


Både Florø og Måløy vil få ei betydeleg aldring av folkemengda i løpet av framskrivingsperioden. Figuren viser befolkningspyramide for Kinn for «middels vekst»-alternativet. Det går tydeleg fram at Kinn får ein meir topptung befolkning i framskrivingsperioden.

Figuren viser at det vert noko færre barn, færre i arbeidsfør alder og langt fleire eldre når vi samanliknar befolkningssamansettinga 31.12.2024 med prognose for 2050.

Gjennomsnittsalderen vil auke både i Florø og Måløy. Gjennomsnittsalderen i Florø var 41,8 år 31.12. 2024 og tilsvarende 43,05 år i Måløy. Ved «middels vekst» vil gjennomsnittsalderen i Florø auke til 45,9 år og i Måløy til 46,7 år i 2050.




Figur 29. Kjelde Kompas



Figur 30. Kjelde Kompas


I «middels vekst»-alternativet vil delen eldre 70 år og over auke frå 13,5 prosent i 2024 til 21,5 prosent i 2050 for Florø og frå 15,9 til 22,7 prosent for Måløy.

Når det gjelder utvikling ved «middels vekst»-alternativet vil det i perioden 2025-2050 vere sterk vekst i eldre i aldersgruppe 80-89 år og 90+år.



Figur 31. Folkemengd pr. 31.12.2024 og endring i folkemengd 1.1.2025 - 31.12.2050 fordelt på aldersgrupper ved middels vekst i Florø. Kjelde ssb/Kompas


Prognosane for Florø viser færre barn og ein sterk reduksjon av innbyggjarar i arbeidsfør alder. I tillegg er det ein sterk vekst i talet på innbyggjarar som er 80 år eller eldre. Florø har ein vesentleg sterkare vekst i eldre enn Måløy



Figur 32. Folkemengd pr. 31.12.2024³ og endring i folkemengd 1.1.2025 - 31.12.2050 fordelt på aldersgrupper ved middels vekst i Måløy Kjelde ssb/Kompas


Prognosane for Måløy viser færre barn og ein sterk reduksjon av innbyggjarar i arbeidsfør alder. I tillegg er det ein sterk vekst i talet på innbyggjarar som er 80 år eller eldre. Måløy har ein større nedgang i barn mellom 6 og 18 år enn Florø.

3. Busetting




Figur 33. Kjelde Kompas

I Kinn bur dei aller fleste i ein einebustad. Nokre bur i tomanns-bustad eller rekkehus, kjedehus og andre småhus.




Figur 34. Kjelde Kompas

Dei tre siste åra har det ikkje vert ei stor utbygging av bustader.




Figur 35. Kjelde ssb (tabell 06070)

I Kinn er det flest alenebuande og par utan heimebuande barn og trenden er ein auke. Over ein 35% av dei alenebuande er eldre over 67 år. Dei siste 10 åra har det vore ein markant auke i eldre i alderen 67-79 år som bur aleine.




Figur 37. Kjelde ssb (tabell 06844)



Figur 36. Kjelde ssb (tabell 06844)

3.1 Busettingsmønster



Figur 38. Kjelde ssb kart

Både i Florø og i Måløy er det i stor grad spreidd utbygging med låg tettleik av innbyggjarar med unntak av Florø by og Måløy by. Florø er i sterkare grad tettbygd.

4. Oppsummering

Folkemengda i kvar av dei tidlegare kommunane, og særleg Måløy, er låg i utgangspunktet og vil etter all sannsyn (i to av dei tre alternative utviklingsbanene) bli ytterlegare redusert. Alle alternativ vil gje ein befolkningsstruktur med ein forholdsvis sterkt aldrende befolkning.

Framskrivingar vil alltid vere usikre. Generelt vil usikkerheita vere mindre ved kortare tidshorisonter. Med lange tidshorisonter må ein akseptere større usikkerheit. Kva utviklingsbane som gir den mest sannsynlege peikepinnen for den framtidige befolkningsutviklinga i Kinn kommune vil avhenge av mange drivarar som kan påverke den framtidige utviklinga. Dette kan til dømes vere konjunkturutvikling, sentralisering, arbeidsinnvandring og flyktningstraumar, lokalt næringsliv og sysselsetting, lokalisering av høgare utdanning og andre lokale attraktivitetar. Sannsynlegvis er det likevel truleg at den faktiske utviklinga i Florø og Måløy vil ligge innanfor intervallet mellom «Høg vekst» og «Låg vekst», og Statistisk sentralbyrå peikar på MMMM-alternativet (som tilsvarar «Middels vekst») som eit hovudalternativ.

5. Vedlegg

Vedlegg 1. Kompas-modellen

KOMPAS er ein såkalla "kohort-komponent"-modell. Med denne metoden vert framtidige kohortar berekna etter alder og kjønn, og modellen tek omsyn til aldersspesifikk fruktbarheit, dødelegheit og flytting. Det er nytta trendflyttingsmodellen for framskriving av folkemengda i dette dokumentet.

Trendflyttingsmodellen

I trendflyttingsmodellen vil framtidig flytting vere basert på historiske flyttemønster. For kvar framskriving av år vert den eksterne utflyttinga berekna ved hjelp av sannsynlege sonevise utflyttingar. Deretter vert ekstern innflytting til kvar sone berekna ved å summere ekstern utflytting og gjennomsnittleg ekstern nettoflytting. Gjennomsnittleg nettoflytting er i utgangspunktet berekna for kvar plansone ved å subtrahere gjennomsnittleg ekstern utflytting frå gjennomsnittleg ekstern innflytting. Det er mogleg å overstyre nettoflyttinga både for enkelte soner og for regionen som heilheit. Det er verd å merke seg at nettoflyttinga i utgangspunktet er lik for alle år i framskrivingsperioden og at den er berekna for kvar plansone. Den interne utflyttinga er basert på sonevise sannsyn for utflytting, medan den interne innflyttinga til sonene er proporsjonal med kvar plansone sin del av den totale innflyttinga i estimeringsperioden for kvar aldersgruppe og kjønn.

Aggregering

I utgangspunktet er dei fleste statistiske grunnlagsdata på grunnkrets nivå. Grunnkretsane er dei statistiske "byggeklossane". For planformål er det naturleg å gruppere grunnkretsane i soner som er relevante for det aktuelle analyseformålet. Dette kan til dømes vere skulekretsar eller pleie- og omsorgsdistrikt. Aggregering vil seie at grunnkretsdata vert summert opp på den soneinndelinga som gjeld i kvart enkelt tilfelle.

Aldring

Befolkningsstatistikken er oppdelt på kjønn og eitt-årig alder ved utgangen av året. Aldring i denne samanhengen vil seie at alle registrerte 1-åringar i eit år vil vere 2-åringar neste år osv.

Fødslar

Vi har statistiske opplysningar om faktisk tal fødde i estimeringsperioden. I tillegg har vi statistiske opplysningar om fødselsfrekvensar for kvinner i fertil alder. Fødselsfrekvensane nyttar vi til å berekne forventa tal fødde i estimeringsperioden. Forholdet mellom faktisk tal fødde og forventa tal fødde (korreksjonsfaktor for fødde) vert deretter nytta til å opp- eller nedjustere berekna tal fødde i framskrivingsperioden. Fruktbarheita kan justerast dersom vi har forventningar om endringar i framtidig fruktbarheit.

Tal fødde i prosjektperioden vert berekna ved å multiplisere fødselsfrekvensane med korreksjonsfaktoren og med kvinner i fødedyktig alder. Fødde vert fordelt på gutar og jenter. Berekningane i dette steget endar opp med befolkninga inklusive fødde.

Dødsfall

Tilsvarande som for fødde, vert det berekna sonevise korreksjonsfaktorar for døyddde. Dette gjer ein ved å samanlikne informasjon om faktisk tal døyddde i estimeringsperioden med berekna tall døde på grunnlag av døydssannsynlegheitene i estimeringsperioden. Dersom det faktisk har døydd fleire enn berekna med døydssannsynlegheitene, vil korreksjonsfaktorane vere større enn 1. Omvendt vil faktoren vere mindre enn 1 dersom faktisk tal døde er mindre enn berekna tal døde. Det er separate korreksjonsfaktorar for aldersgruppene 0-59 år, 60- 84 år og 85+ år. Tal døde vert berekna i prosjektperioden ved å multiplisere døydssannsynlegheitene med sonevise korreksjonsfaktorar som igjen vert multiplisert med befolkninga inklusive fødde etter kjønn og alder.

Ekstern utflytting

Utflytting frå sonene blir bestemt på grunnlag av utflyttingssannsynlegheiter. Disse utflyttingssannsynlegheitene angir andelar av kvar aldersgruppe og kjønn som skal flytte ut frå plansonene, og vert berekna ut på grunnlag av den faktiske utflyttinga i estimeringsperioden.

Ekstern innflytting

Statistikk over ekstern innflytting etter eitt-årig alder er utgangspunkt for berekning av gjennomsnittleg ekstern innflytting i estimeringsperioden for kvar plansone. Denne statistikken er og brukt for berekning av innflyttingsrater. Innflyttingsratene angir kor stor andel av innflyttarane som skal fordelast til kvar av aldersgruppene. Innflyttingsratene summerer til 1 over alle aldersgrupper for kvar enkelt plansone.

Ekstern nettoflytting

Nettoflyttinga vert berekna for kvar plansone ved å subtrahere gjennomsnittleg ekstern utflytting frå gjennomsnittleg ekstern innflytting. Den eksterne nettoflyttinga vil kunne endrast anten ved å justere estimeringsperioden eller ved manuelt å overstyre berekninga.

Intern utflytting

Gjennomsnittleg intern utflytting etter alder og kjønn er basert på den faktiske utflyttinga i estimeringsperioden. Det vert berekna eit sett med interne utflyttingssannsynlegheiter basert på gjennomsnittleg intern utflytting i estimeringsperioden. Sannsynlegheitene vert berekna på sonenivå, fordelt på 1-årige aldersgrupper. Intern utflytting etter alder og kjønn blir for kvar plansone berekna ved å multiplisere folkemengda (etter eksternflytting) med interne utflyttingssannsynlegheiter. Deretter blir intern utflytting for kvar aldersgruppe og kjønn summert over alle plansonene.

Intern innflytting

Summen av dei interne utflyttarane vert tilbakeført til kvar plansone som interne innflyttarar ved hjelp av interne innflyttingsandelar. Innflyttingsandelane er spesifikke for kvar aldersgruppe og summerer til 1 over alle sonene. Innflyttingsandelane er berekna med utgangspunkt i gjennomsnittleg intern innflytting etter 1-årig alder basert på den faktiske innflyttinga i estimeringsperioden.

Folkemengd

For det første året i framskrivinga vil folkemengda vere basert på statistikk frå Statistisk sentralbyrå. For dei etterfølgande framskrivingsåra vil folkemengda vere bestemt av berekna folkemengd. Den er eit resultat av endringar i form av fødselar, dødsfall, netto innflytting og netto internflytting som eit resultat av planføresetnadane som inngår i berekningane.

Vedlegg 2 Overordna føresetnader

Kinn

Parameter	Føresetnader
Modelltype	Trendflyttingsmodellen
Modellnamn	Prognose 2024 i tre alternativ. Høg vekst, låg vekst og middels vekst
Region	Kinn
Første statistikkår	2014
Første berekningsår	2025
Siste berekningsår	2050
Basisår for offisiell befolkningsstatistikk	31.12.2024

Skulekretsar 2025

Parameter	Føresetnader
Modelltype	Trendflyttingsmodellen
Modellnamn	Framskriving skulestruktur Kinn 2024 i alternativet middels vekst
Region	Skulekretsar 2025
Første statistikkår	2014
Første berekningsår	2025
Siste berekningsår	2050
Basisår for offisiell befolkningsstatistikk	31.12.2024

Berekningsalternativ

Tabellen viser kva datasett som er manuelt endra:

Steg	Tittel	Endring
3.3	Samla fruktbarheit	Samla fruktbarheit er henta frå statistikkbanken og er lagt til grunn
11.03	Ekstern flytting, region	Ekstern nettoflytting er henta frå statistikkbanken og er summen av innanlandsk flytting og netto innvandring i tre ulike alternativ med låg, middels og høg innvandring. Sjå vedlegg 6.

For andre datasett er det standardverdiane KOMPAS nyttar som er lagt til grunn.

Vedlegg 3. Grunnkretsinnndeling og plansone

Plansoner Prognose 2025

Grunnkretsnummer og namn	Plansone	Fordeling i %
46020101 Nordalsfjorden	Florø	100
46020102 Endestad - Løkkebø	Florø	100
46020103 Langedal - Ramsdal	Florø	100
46020104 Svardal - Steindalen	Florø	100
46020105 Standal	Florø	100
46020106 Stavang	Florø	100
46020107 Høydalane	Florø	100
46020108 Steinhovden	Florø	100
46020109 Nyttingnes	Florø	100
46020112 Haukå - Årebrot	Florø	100
46020114 Sandvika	Florø	100
46020115 Tonheim - Grov	Florø	100
46020116 Barlindbotn	Florø	100
46020117 Hovland	Florø	100
46020118 Eikefjord	Florø	100
46020119 Sunnarvik	Florø	100
46020201 Stavøy	Florø	100
46020202 Svanøy	Florø	100
46020203 Askrova	Florø	100
46020204 Kinn - Reksta	Florø	100
46020205 Ånnøy - Nekkøy - Skorpa	Florø	100
46020207 Batalden	Florø	100
46020208 Hovden - Barekstad	Florø	100
46020209 Nærøyane	Florø	100
46020301 Sentrum	Florø	100
46020302 Hesteneset	Florø	100
46020303 Tua Vest	Florø	100
46020304 Tua	Florø	100

46020305 Stranda	Florø	100
46020306 Havreneset Nord	Florø	100
46020307 Havreneset Sør	Florø	100
46020308 Gunhildvågen	Florø	100
46020309 Vågavegen	Florø	100
46020310 Storåsen Vest	Florø	100
46020311 Storåsen Øst	Florø	100
46020312 Soldalen - Sørstrand	Florø	100
46020313 Nyland - Kleiva	Florø	100
46020314 Havikbotn	Florø	100
46020315 Nybø - Ragnarrud	Florø	100
46020316 Krokane - Solheim	Florø	100
46020317 Brandsøy	Florø	100
46020318 Grønenga - Sundet	Florø	100
46020319 Bjørnset	Florø	100
46020401 Silda	Måløy	100
46020402 Vedvik	Måløy	100
46020403 Halsøy	Måløy	100
46020404 Røysa	Måløy	100
46020405 Raudeberg	Måløy	100
46020406 Kapellneset	Måløy	100
46020407 Refvik	Måløy	100
46020408 Kvalheim	Måløy	100
46020501 Ulvesund	Måløy	100
46020502 Degnepoll	Måløy	100
46020503 Kulen	Måløy	100
46020504 Blålid	Måløy	100
46020505 Skavøypoll	Måløy	100
46020506 Sørpoll	Måløy	100
46020507 Almenning	Måløy	100
46020601 Våge - Oppedal	Måløy	100
46020602 Holvik	Måløy	100

46020603 Sæternes	Måløy	100
46020604 Ellingskaret	Måløy	100
46020605 Skram Øvre	Måløy	100
46020606 Skram Nedre	Måløy	100
46020607 Midtgård Søndre	Måløy	100
46020608 Midtgård Nordre	Måløy	100
46020609 Gotteberg	Måløy	100
46020610 Øyane i Sør	Måløy	100
46029999 Uoppgitt grunnkrets	Florø	67
46029999 Uoppgitt grunnkrets	Måløy	33

Inndeling plansoner skulekretsar

Grunnkretsnummer	Grunnkretsnavn	Gruppe	Plansone	Fordeling(%)
46020000	Uoppgitt grunnkrets	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	34
46020000	Uoppgitt grunnkrets	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	66
46020101	Nordalsfjorden	Florø ungdomsskule	Brandsøy skule	100
46020102	Endestad - Løkkebø		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020103	Langedal - Ramsdal		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020104	Svardal - Steindalen		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020105	Standal		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020106	Stavang		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020107	Høydalane		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020108	Steinhovden		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020109	Nyttingnes		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020112	Haukå - Årebrot	Florø ungdomsskule	Brandsøy skule	100
46020114	Sandvika		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020115	Tonheim - Grov		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020116	Barlindbotn		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100

46020117	Hovland		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020118	Eikefjord		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020119	Sunnarvik		Eikefjord barne- og ungdomsskule	100
46020201	Stavøy	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020202	Svanøy	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020203	Askrova	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020204	Kinn - Reksta	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020205	Ånnøy - Nekkøy - Skorpa	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020207	Batalden	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020208	Hovden - Barekstad	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020209	Nærøyane	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020301	Sentrum	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020302	Hestenaset	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020303	Tua Vest	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020304	Tua	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020305	Stranda	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020306	Havreneset Nord	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020307	Havreneset Sør	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020308	Gunhildvågen	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020309	Vågavegen	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020310	Storåsen Vest	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020311	Storåsen Øst	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020312	Soldalen - Sørstrand	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020313	Nyland - Kleiva	Florø ungdomsskule	Florø barneskole	100
46020314	Havikbotn	Florø ungdomsskule	Krokane skule	100
46020315	Nybø - Ragnarrud	Florø ungdomsskule	Krokane skule	100

46020316	Krokane - Solheim	Florø ungdomsskule	Torvmyrane skule	100
46020317	Brandsøy	Florø ungdomsskule	Brandsøy skule	100
46020318	Grønenga - Sundet	Florø ungdomsskule	Brandsøy skule	100
46020319	Bjørnset	Florø ungdomsskule	Brandsøy skule	100
46020401	Silda	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020402	Vedvik	Vågsøy ungdomsskule	Raudeberg skule	100
46020403	Halsør	Vågsøy ungdomsskule	Raudeberg skule	100
46020404	Røysa	Vågsøy ungdomsskule	Raudeberg skule	100
46020405	Raudeberg	Vågsøy ungdomsskule	Raudeberg skule	100
46020406	Kapellneset	Vågsøy ungdomsskule	Raudeberg skule	100
46020407	Refvik	Vågsøy ungdomsskule	Raudeberg skule	100
46020408	Kvalheim	Vågsøy ungdomsskule	Raudeberg skule	100
46020501	Ulvesund	Vågsøy ungdomsskule	Skavøypoll skule	100
46020502	Degnepoll	Vågsøy ungdomsskule	Skavøypoll skule	100
46020503	Kulen	Vågsøy ungdomsskule	Skavøypoll skule	100
46020504	Blålid	Vågsøy ungdomsskule	Skavøypoll skule	100
46020505	Skavøypoll	Vågsøy ungdomsskule	Skavøypoll skule	100
46020506	Sørpoll	Vågsøy ungdomsskule	Skavøypoll skule	100
46020507	Almenning	Vågsøy ungdomsskule	Skavøypoll skule	100
46020601	Våge - Oppedal	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020602	Holvik	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020603	Sæternes	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020604	Ellingskaret	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020605	Skram Øvre	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020606	Skram Nedre	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020607	Midtgård Søndre	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100

46020608	Midtgård Nordre	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020609	Gotteberg	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100
46020610	Øyane i Sør	Vågsøy ungdomsskule	Skram skule	100

Vedlegg 4. Fruktbarheit

Ssb tabell 14291: Framskrevet samlet fruktbarhetstall og aldersspesifikke fruktbarhetsrater for kvinner (per 1000), etter region, alder, alternativ, år og statistikkvariabel

	Levandefødde per 1 000 kvinner	Levandefødde per 1 000 kvinner	Levandefødde per 1 000 kvinner
	Middels fruktbarheit	Låg fruktbarheit	Høg fruktbarheit
2024	1,53	1,45	1,58
2025	1,55	1,4	1,64
2026	1,58	1,35	1,71
2027	1,60	1,29	1,78
2028	1,62	1,29	1,85
2029	1,64	1,29	1,91
2030	1,67	1,29	1,98
2031	1,69	1,29	2,05
2032	1,71	1,29	2,05
2033	1,73	1,29	2,05
2034	1,76	1,29	2,05
2035	1,78	1,29	2,05
2036	1,78	1,29	2,05
2037	1,78	1,29	2,05
2038	1,78	1,29	2,05
2039	1,78	1,29	2,05
2040	1,78	1,29	2,05
2041	1,78	1,29	2,05
2042	1,78	1,29	2,05
2043	1,78	1,29	2,05
2044	1,78	1,29	2,05
2045	1,78	1,29	2,05

2046	1,78	1,29	2,05
2047	1,78	1,29	2,05
2048	1,78	1,29	2,05
2049	1,78	1,29	2,05
2050	1,78	1,29	2,05

Vedlegg 5. Forventa levealder

Ssb tabell 14292: Framskrevet forventet levealder ved fødsel, etter region, kjønn, alternativ, år og statistikkvariabel

	Forventa levealder	Forventa levealder
	Middelalternativet	Middelalternativet
	menn	kvinner
2025	81,6	84,9
2026	81,8	85
2027	82,0	85,2
2028	82,2	85,3
2029	82,3	85,5
2030	82,5	85,6
2031	82,7	85,8
2032	82,8	85,9
2033	83,0	86,1
2034	83,2	86,2
2035	83,3	86,4
2036	83,5	86,5
2037	83,7	86,6
2038	83,8	86,8
2039	84,0	86,9
2040	84,1	87
2041	84,3	87,2
2042	84,5	87,3
2043	84,6	87,4
2044	84,8	87,6
2045	84,9	87,7

2046	85,1	87,8
2047	85,2	88
2048	85,4	88,1
2049	85,5	88,2
2050	85,7	88,3

Vedlegg 6. Nettoflyttingstal

Ssb tabell 01222: *Befolkning og kvartalsvise endringer, etter statistikkvariabel, region og kvartal*

	2020	2021	2022	2023	2024
Fødde	142	159	134	154	148
Døde	136	176	161	148	193
Fødselsoverskot	6	-17	-27	6	-45
Innvandring	96	189	382	377	387
Utvandring	43	78	57	55	67
Innflytting, innalandsk	407	464	422	528	546
Utflytting, innalandsk	514	586	670	684	754
Netto innanlandsk flytting	-107	-122	-248	-156	-208
Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring	-54	-11	77	166	112
Folkevekst	-47	-29	48	170	70

Ssb tabell 14289: *Framskrevne befolkningsendringer, etter region, alternativ, år og statistikkvariabel*

År	Hovudalternativet (MMMM)	Lav nasjonal vekst (LLML)	Høg nasjonal vekst (HHMH)
2025	5	-61	93
2026	-33	-60	28
2027	-32	-59	-12
2028	-30	-56	-9
2029	-28	-54	-6
2030	-26	-50	-2
2031	-23	-49	3
2032	-21	-45	6
2033	-16	-42	12
2034	-13	-38	17

2035	-10	-34	20
2036	-7	-31	25
2037	-2	-27	29
2038	0	-25	35
2039	3	-20	38
2040	7	-18	42
2041	10	-15	47
2042	12	-13	49
2043	14	-11	53
2044	15	-10	55
2045	17	-7	57
2046	18	-5	59
2047	19	-5	59
2048	19	-3	60
2049	19	-1	61
2050	20	-1	62

Vedlegg 7 Prognose 2025


Middel 01.01	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042	2043	2044	2045	2046	2047	2048	2049	2050
0-1 år	322	316	312	312	312	312	314	316	317	318	320	322	321	319	317	315	313	311	309	307	306	304	303	302	301	300
2-5 år	645	667	670	656	673	666	662	663	664	666	668	671	673	675	676	676	673	669	665	662	658	655	652	649	646	644
6-15 år	2142	2088	2029	1973	1928	1926	1920	1895	1876	1852	1852	1861	1860	1850	1864	1860	1859	1863	1865	1866	1866	1865	1863	1859	1855	1849
16-18 år	744	750	763	747	731	681	627	626	637	649	626	598	579	591	586	589	582	593	588	585	585	584	585	587	588	588
19-20 år	466	458	450	493	488	466	488	461	412	399	413	419	419	403	377	379	396	382	379	391	386	384	384	383	383	384
21-22 år	414	422	428	420	413	447	443	427	443	421	383	373	384	389	389	376	356	358	370	359	357	366	363	361	361	360
23-29 år	1373	1337	1311	1302	1285	1270	1265	1274	1270	1272	1280	1264	1243	1227	1211	1203	1195	1175	1160	1157	1158	1144	1142	1138	1137	1138
30-34 år	1009	995	1002	994	1003	968	944	938	931	917	912	911	900	899	905	903	902	906	901	887	881	875	867	867	864	859
35-49 år	3243	3265	3232	3239	3225	3247	3236	3225	3202	3181	3147	3140	3118	3090	3065	3051	3021	3012	3003	3003	2975	2960	2950	2942	2926	2915
50-66 år	3931	3895	3876	3834	3810	3772	3755	3716	3700	3702	3699	3669	3658	3622	3599	3584	3610	3593	3579	3554	3581	3585	3585	3565	3557	3544
67-79 år	2276	2353	2406	2423	2445	2486	2515	2563	2560	2557	2558	2552	2551	2581	2580	2568	2545	2542	2527	2523	2478	2463	2454	2451	2444	2434
80-89 år	675	704	749	807	852	887	930	968	1022	1056	1101	1149	1188	1208	1246	1280	1295	1313	1327	1341	1363	1366	1364	1373	1372	1378
90 år og eldre	179	172	163	157	160	163	165	167	177	195	207	216	230	252	269	282	297	308	330	347	367	387	403	414	433	447
Totalt	17419	17423	17390	17356	17324	17293	17264	17237	17210	17186	17165	17145	17125	17106	17086	17065	17045	17025	17004	16983	16961	16938	16915	16891	16866	16840

Høg 01.01	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042	2043	2044	2045	2046	2047	2048	2049	2050
0-1 år	322	327	337	347	357	366	376	387	391	389	388	387	386	385	384	383	382	381	381	380	380	380	381	381	382	383
2-5 år	645	672	679	674	704	715	732	750	768	786	799	807	810	808	806	804	803	802	800	799	799	799	799	799	800	802
6-15 år	2142	2098	2046	1993	1952	1955	1954	1941	1937	1934	1957	1992	2020	2041	2086	2111	2136	2158	2176	2190	2200	2207	2210	2209	2209	2210
16-18 år	744	754	768	753	737	689	635	635	648	661	640	615	597	611	608	614	609	627	633	643	654	664	675	686	693	697
19-20 år	466	462	456	498	494	473	495	468	420	408	423	431	432	417	393	396	414	402	400	414	416	422	428	434	441	447
21-22 år	414	428	436	428	421	456	451	436	453	432	396	387	399	405	406	394	376	379	393	384	383	394	396	401	406	412
23-29 år	1373	1359	1346	1339	1324	1311	1308	1321	1320	1326	1337	1325	1309	1296	1285	1282	1279	1264	1255	1257	1263	1256	1260	1262	1270	1281
30-34 år	1009	1006	1022	1018	1031	999	979	977	973	963	961	963	956	958	968	970	973	981	980	970	968	967	964	968	970	971
35-49 år	3243	3281	3262	3275	3269	3299	3296	3296	3284	3274	3252	3257	3248	3233	3221	3220	3204	3208	3214	3228	3214	3213	3218	3225	3224	3228
50-66 år	3931	3902	3889	3850	3829	3795	3783	3749	3737	3745	3749	3725	3721	3692	3678	3672	3707	3700	3696	3683	3722	3739	3752	3747	3753	3755
67-79 år	2276	2355	2409	2428	2451	2493	2522	2572	2571	2570	2573	2569	2570	2603	2604	2595	2575	2576	2564	2564	2523	2512	2508	2510	2508	2504
80-89 år	675	704	750	808	853	888	932	970	1024	1059	1104	1153	1193	1214	1252	1286	1303	1321	1336	1352	1375	1380	1378	1389	1390	1397
90 år og eldre	179	172	163	157	160	164	166	167	178	195	207	216	230	252	270	282	298	309	332	349	368	388	405	416	435	450
Totalt	17419	17519	17561	17568	17582	17602	17630	17667	17704	17744	17786	17827	17870	17915	17962	18009	18058	18109	18160	18212	18265	18319	18374	18427	18481	18537

Låg 01.01	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040	2041	2042	2043	2044	2045	2046	2047	2048	2049	2050
0-1 år	322	300	274	259	250	247	244	241	238	235	233	230	228	226	223	221	219	216	214	212	210	208	206	204	202	200
2-5 år	645	663	664	635	631	598	566	549	538	532	526	521	515	510	505	500	495	490	486	481	477	472	468	464	459	455
6-15 år	2142	2081	2019	1958	1909	1903	1892	1850	1809	1757	1728	1708	1676	1634	1615	1578	1544	1521	1502	1488	1475	1462	1448	1435	1423	1410
16-18 år	744	748	759	743	725	675	619	617	627	638	613	584	563	573	567	568	559	559	539	516	504	495	491	486	482	478
19-20 år	466	455	446	488	483	461	481	453	404	390	403	409	408	390	363	364	379	365	360	371	357	342	333	327	324	321
21-22 år	414	418	423	414	406	440	434	418	433	410	372	361	371	375	374	359	338	339	350	338	334	342	331	319	312	307
23-29 år	1373	1321	1289	1275	1253	1234	1225	1231	1223	1222	1227	1207	1183	1163	1144	1133	1121	1097	1078	1070	1067	1049	1042	1034	1023	1013
30-34 år	1009	987	989	977	982	942	914	904	893	876	867	863	849	845	848	842	839	840	832	815	805	796	785	780	774	766
35-49 år	3243	3252	3214	3213	3191	3205	3185	3164	3131	3100	3054	3036	3002	2963	2926	2900	2858	2836	2816	2804	2764	2737	2716	2696	2668	2645
50-66 år	3931	3889	3868	3823	3795	3753	3733	3689	3667	3664	3656	3620	3602	3559	3530	3507	3525	3499	3476	3441	3457	3451	3440	3408	3388	3361
67-79 år	2276	2352	2403	2420	2441	2481	2508	2555	2551	2546	2545	2537	2535	2562	2559	2544	2519	2513	2495	2488	2440	2420	2408	2401	2389	2375

80-89 år	675	704	748	807	851	886	929	966	1019	1053	1097	1146	1184	1203	1240	1273	1288	1305	1318	1331	1352	1355	1351	1359	1356	1361
90 år og eldre	179	172	163	157	160	163	165	166	177	194	206	215	229	251	268	281	296	306	329	346	365	384	401	412	430	444
Totalt	17419	17342	17259	17168	17077	16986	16896	16803	16712	16619	16528	16437	16345	16254	16162	16071	15979	15887	15795	15702	15607	15514	15420	15325	15230	15136

Vedlegg 8 Samanlikning av prognosar dei siste åra



Prognosen som vart utarbeidd i 2023 (blå stipla linjer) la til grunn fruktbarheit og nettoflyttingstal fram til 2050 som ssb publiserte i 2022. Ssb hadde ikkje forutsett den sterke auken i innvandring og det var lagt til grunn for låge nettoflyttingstal.

Prognosen som vart utarbeidd i 2024 (grøn prikka linje) la til grunn fruktbarheitstal og nettoflyttingstal som ssb publiserte i 2024 med unntak av at vi auka nettoflyttingstala dei fyrste åra.

Prognosen for 2025 har lagt til grunn fruktbarheitstal og nettoflyttingstal som ssb publiserte i 2024. (ssb publiserer nye framskrivingar kvart andre år.)

Lilla småstipla strek viser MMMM-middelalternativet til ssb.

Middelalternativet i prognosen utarbeidd i 2025 er 351 personar høgare enn ssb sitt middelalternativ for 2050.

Framskrivningar vil alltid vere usikre. Generelt vil usikkerheita vere mindre ved kortare tidshorisonter. Med lange tidshorisonter må ein akseptere større usikkerheit. Kva utviklingsbane som gir den mest sannsynlege peikepinnen for den framtidige befolkningsutviklinga i Kinn kommune vil avhenge av mange drivarar som kan påverke den framtidige utviklinga. Dette kan til dømes vere konjunkturutvikling, sentralisering, arbeidsinnvandring og flyktningstraumar, lokalt næringsliv og sysselsetting, lokalisering av høgare utdanning og andre lokale attraktivitetar. Sannsynlegvis er det likevel truleg at den faktiske utviklinga i Florø og Måløy vil ligge innanfor intervallet mellom «Høg vekst» og «Låg vekst», og Statistisk sentralbyrå peikar på MMMM-alternativet (som tilsvarar «Middels vekst») som eit hovudalternativ.